

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
015/25	Seniorrådet	PS	08.05.2025
016/25	Råd for menneske med funksjonshindring	PS	08.05.2025
046/25	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	13.05.2025
071/25	Formannskapet	PS	14.05.2025
043/25	Kommunestyret	PS	22.05.2025

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Haldis Karine Nilsen	K1-149	24/1360

KOMMUNEPLANEN SAMFUNNSDEL 2025-2037, 2.GONGS BEHANDLING

Vedlegg:

Høyringsuttale - Kommunplanen sin samfunnsdel
 Signaturliste - Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel 24-36 i Hjelmeland
 Sak 24_1360 - Signaturer
 Innspill fra Årdal Aqua til kommuneplanen
 Høringsinnspill_KP_samfunnsdel_2025_KleivaVel
 Hjelmeland. Kommuneplanens samfunnsdel.
 Innspill plansak - Revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel
 MATTILSYNET SI UTTALE TIL HØYRING AV KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2025-2037
 Uttalelse - Kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037 - Hjelmeland naturlegvis
 Fråsegn til høyring av kommuneplanens samfunnsdel 2025–2037 for Hjelmeland kommune
 NVE si uttale - Høyring - Kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037 - Hjelmeland kommune
 2025-Uttale kommuneplan
 Vedtak Hjelmeland kommune - kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037 - høyring
 Hjelmeland kommune - kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037 - høyring.pdf
 Innspel til kommuneplanen
 NOTAT FRÅ INFOMØTE OM KOMMUNEPLANEN OG BYGGERÅSTOFFPLANEN 26.3.25
 Årdal_Infomøte_26Mars2025
 NOTAT FRÅ BYGDEMØTE 20.3.25
 Jøsneset_Infomøte_20Mars2025
 Notat - infomøte - Hjelmeland 25.mars
 Hjelmeland_Infomøte_25Mars2025
 Notat - infomøte - Jøsenfjorden 11.mars
 Jøsenfjorden_Infomøte_11Mars2025
 Uttalelse til Kommuneplanen sin Samfunnsdel
 Uttalelse Kommuneplan Samfunnsdel
 Uttalelse til Kommuneplanen sin Samfunnsdel
 Vedtak Hjelmeland kommune - kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037 - høyring
 Hjelmeland kommune - kommuneplanens samfunnsdel 2025-2037 - høyring.pdf

Fråsegn - høring og offentlig ettersyn - kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2037 - kommuneplan
Innspill til kommuneplanens samfunnsdel -
Høringsinnspel 2025-2037 Nils Viga Hausken
Høringsutkast - Kommuneplanen sin samfunnsdel. Kommunestyret sitt forslag

Forslag til vedtak

Forslag til revidert kommuneplan samfunnsdel vert på bakgrunn av gjennomført høringsrunde justert slik:

A

01 SAMANDRAG

Vert supplert med prosessen vidare etter høyring

.

02 INNLEIING

2.2 Utviklingstrekk, prosess/medverknad:

Vert forsøkt korta litt inn

2.3 Folkehelsestatus

Skriva noko meir om inkludering og integrering og nemna CRPD

03 RAMER FOR PLANEN

Generelt gå gjennom tekststen for om mulig korta litt ned (det er tema som er nemnde fleire gonger).

3.7 Omformulera litt og få med litt vedr. særleg verdifull lokal kulturarv

3.8 Kommentera noko meir dette med integrering og inkludering/mangfald.

Supplera med eit punkt 3.9 som omhandlar drikkevatt og anna vatn

04 VISJON, SATSINGSOMRÅDE OG MÅL

- Omtale landbruk og sirkulærøkonomi særskilt under hovudmål 2 Næringsutvikling
- Hovudmål 4 Klimaomstilling: Sjå meir på formulering av delmål. Omdøypa overskrift til Klimaomstilling og klimautslepp

Supplera med eit hovudmål for oppvekst og integrering med utgangspunkt i dette forslaget: *Me skal leggja til rette for ein trygg og inkluderande oppvekst, med gode barnehagar og skular og ein aktiv frivillig sektor.*

05 AREALSTRATEGI

- Gå gjennom arealstrategien med sikte på ei betre kopling mellom dei andre kommunedelplanane og denne
- Auka vegetasjonsbelte til større vassdrag til 30m
- Gi tydelegare signal i forhold til planvasken

B

Kommunestyret får forelagt justert plan til endeleg godkjenning.

Hjelmeland, den 10.04.2025

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Seniorrådet 015/25

ELD - behandling:

Behandling:

Seniorrådet sluttar seg i hovudsak til kommunedirektøren sitt forslag til vedtak. Men avsnitt om aldersvennlige samfunn kapittel 3.5, bør seie tydeleg at tal på institusjonsplassar ikkje skal reduserast frå dagens nivå. Antall institusjonsplassar må aukast i forhold til auka antal i eldre, auka levealder og betre helsetilstand.

Store avstander i kommunen gjer at det er spesielt viktig at det er tilgjengeleg gode transportløyningar for innbyggjarane. og Seniorrådet meiner at det bør også kome fram i kommuneplanen at det er viktig at kommunen leggje til rette for at det er gode transportordningar tilgjengeleg i kommunen.

Røysting:

Begge endringsforslaga vert samrøystes vedteke.

ELD - vedtak:

Seniorrådet sluttar seg i hovudsak til kommunedirektøren sitt forslag til vedtak, men har innspel på at det i kommuneplanens punkt 3.5 om aldersvenlege samfunn, bør stå tydeleg at tal på institusjonsplassar ikkje skal reduserast frå dagens nivå. Men at antall institusjonsplassar må aukast i forhold til auka antal eldre, auka levealder og betre helsetilstand. Og at kommunen må tilrettelegge for at det er gode transportordningar tilgjengeleg i kommunen, som t.d seniortaxi-ordninga.

Råd for menneske med funksjonshindring 016/25

FUNK - behandling:**Behandling:**

Rådet støtter forslag til vedtak: Samrøystes

FUNK - vedtak:

Rådet støtter forslag til vedtak.

Areal- og forvaltningsutvalet 046/25

AFU - behandling:**Behandling:**

Endringsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet
03 Ramer for planen

- Eget punkt på landbruk med henvisning til kommunen sin «handlingsplan for landbruk»

05 arealstrategi

- Kulepunkt 2 fjernes.

Trekke fram Svadberg og Viganeset som viktige industriområder for kommunen.

Røysting:

Endringsforslag frå Egeland, SP:

Pkt 1 - 03 Ramer for planen - landbruk: Samrøystes vedtatt

Pkt 2 - 02 Tiltakssone 30 m tas ut: Vedtatt mot 1 stemme (Sværen, SV)

Pkt 3 - 05 Arealstrategi: Samrøystes vedtatt

Opprinneleg forslag med vedtekne endringar: Samrøystes vedtatt

AFU - vedtak:

Vedtak korrigert for vedtekne endringar:

Forslag til revidert kommuneplan samfunnsdel vert på bakgrunn av gjennomført høyringsrunde justert slik:

A

01 SAMANDRAG

Vert supplert med prosessen vidare etter høyring

.

02 INNLEIING

2.2 Utviklingstrekk, prosess/medverknad:

Vert forsøkt korta litt inn

2.3 Folkehelsestatus

Skriva noko meir om inkludering og integrering og nemna CRPD

03 RAMER FOR PLANEN

Generelt gå gjennom tekststen for om mulig korta litt ned (det er tema som er nemnde fleire gonger).

3.7 Omformulera litt og få med litt vedr. særleg verdifull lokal kulturarv

3.8 Kommentera noko meir dette med integrering og inkludering/mangfald.

Supplera med eit punkt 3.9 som omhandlar drikkevatn og anna vatn

Eige punkt på landbruk med henvisning til kommunen sin «handlingsplan for landbruk»

04 VISJON, SATSINGSOMRÅDE OG MÅL

- Omtale landbruk og sirkulærøkonomi særskilt under hovudmål 2 Næringsutvikling
- Hovudmål 4 Klimaomstilling: Sjå meir på formulering av delmål. Omdøypa overskrift til Klimaomstilling og klimautslepp

Supplera med eit hovudmål for oppvekst og integrering med utgangspunkt i dette forslaget: *Me skal leggja til rette for ein trygg og inkluderande oppvekst, med gode barnehagar og skular og ein aktiv frivillig sektor.*

05 AREALSTRATEGI

- Gå gjennom arealstrategien med sikte på ei betre kopling mellom dei andre kommunedelplanane og denne
- ~~Auka vegetasjonsbelte til større vassdrag til 30m~~
- Gi tydelegare signal i forhold til planvasken
- Trekke fram Svadberg og Viganeset som viktige industriområder for kommunen.

B

Kommunestyret får forelagt justert plan til endeleg godkjenning.

Formannskapet 071/25

FSK - behandling:

Behandling:

Endringsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Fremmer forslag vedtatt i AFU 13.05.25

Under 03 Ramer for planen:

- Eige punkt på landbruk med henvisning til kommunen sin «handlingsplan for landbruk»

Under 05 Arealstrategi:

- Auka vegetasjonsbelte til større vassdrag til 30m
- Trekke fram Svadberg og Viganeset som viktige industriområder for kommunen.

5.1, foreslått av Torunn Munthe, Høgre

For å sikra moglegheit for bustadbygging i grendene, skal me ha områder sett av til spreidd bustad- og næringsbygging

Røysting:

Egeland, SP: Forslag frå Areal- og forvaltningsutvalet: Samrøystes vedteke

Munthe, H: Endringsforslag til pkt 5.1: Vedtatt mot 2 stemmer AL Kleppa og Svadberg Hatløy, SP

Heile saka med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

FSK - vedtak:

Vedtak korrigert for vedtekne endringar:

Forslag til revidert kommuneplan samfunnsdel vert på bakgrunn av gjennomført høyringsrunde justert slik:

A**01 SAMANDRAG**

Vert supplert med prosessen vidare etter høyring

.

02 INNLEIING

2.2 *Utviklingstrekk, prosess/medverknad:*

Vert forsøkt korta litt inn

2.3 Folkehelsestatus

Skriva noko meir om inkludering og integrering og nemna CRPD

03 RAMER FOR PLANEN

Generelt gå gjennom tekststen for om mulig korta litt ned (det er tema som er nemnde fleire gonger).

3.7 Omformulera litt og få med litt vedr. særleg verdifull lokal kulturarv

3.8 Kommentera noko meir dette med integrering og inkludering/mangfald.

Supplera med eit punkt 3.9 som omhandlar drikkevatn og anna vatn

Eige punkt på landbruk med henvisning til kommunen sin «handlingsplan for landbruk»

04 VISJON, SATSINGSOMRÅDE OG MÅL

- Omtale landbruk og sirkulærøkonomi særskilt under hovudmål 2 Næringsutvikling
- Hovudmål 4 Klimaomstilling: Sjå meir på formulering av delmål. Omdøypa overskrift til Klimaomstilling og klimautslepp

Supplera med eit hovudmål for oppvekst og integrering med utgangspunkt i dette forslaget: *Me skal leggja til rette for ein trygg og inkluderande oppvekst, med gode barnehagar og skular og ein aktiv frivillig sektor.*

05 AREALSTRATEGI

- Gå gjennom arealstrategien med sikte på ei betre kopling mellom dei andre kommunedelplanane og denne
- ~~Auka vegetasjonsbelte til større vassdrag til 30m~~
- Gi tydelegare signal i forhold til planvasken
- Trekke fram Svadberg og Viganeset som viktige industriområder for kommunen.

B

Kommunestyret får forelagt justert plan til endeleg godkjenning.

Endring til pkt 5.1:

For å sikra moglegheit for bustadbygging i grendene, skal me ha områder sett av til spreidd bustad- og næringsbygging

Kommunestyret 043/25

KST - behandling:

Behandling:

Tilleggspunkt til Arealstrategi, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

Nytt kulepunkt 7 i kapittel 5 AREALSTRATEGI under 5.1 Sosial berekraft på side 15:

- Me skal legge til retta for egna og attraktive område for bubilparkering og campinganlegg der det er tenleg og trong for

Endring pkt 3.7 og 3.9, foreslått av Asbjørg Kvame Hetlesæter, Kristelig Folkeparti

Punkt 3.7 Kultur og kulturarv

Nytt siste avsnitt: Dei fire kyrkjene, særleg Årdal gml. Kyrkje, men og dei andre kyrkjene, både i Hjelmeland, Årdal og Fister, er viktige deler av historia og kulturarven vår. Dei kan trekkjast meir aktivt inn i utstillingar, turistframstøyt og kulturtiltak elles.

Punkt 3.9 Friviljug innsats

Endring i tredje setning, første avsnitt: «Det gjeld særleg innafor kyrkje- og kulturlivet elles,...»

Hatløy og Schmidt, SP: Reiste spørsmål om sin habilitet.

Habilitetsbehandling:

Begge vart røysta gilde (samrøystes) og fekk delta i behandlinga av saka.

Røysting:

Endringsforslag frå Hatløy (SP) - Arealstrategi: Vedtatt mot 1 røyst (SV)

Endringsforslag frå Hetlesæter (KrF):

Pkt 3.7: Vedtatt mot 2 røyster. Hauge (AP) og SV

Pkt 3.9: Vedtatt mot 3 røyster: Schmidt (SP), Hauge (AP) og SV

Innstilling frå formannskapet med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

KST - vedtak:

Innstilling frå formannskapet med vedtekne endringar:

Forslag til revidert kommuneplan samfunnsdel vert på bakgrunn av gjennomført høyringsrunde justert slik:

A

01 SAMANDRAG

Vert supplert med prosessen vidare etter høyring

.

02 INNLEIING

2.2 *Utviklingstrekk, prosess/medverknad:*

Vert forsøkt korta litt inn

2.3 Folkehelsestatus

Skriva noko meir om inkludering og integrering og nemna CRPD

03 RAMER FOR PLANEN

Generelt gå gjennom tekststen for om mulig korta litt ned (det er tema som er nemnde fleire gonger).

3.7 Omformulera litt og få med litt vedr. særleg verdifull lokal kulturarv

3.8 Kommentera noko meir dette med integrering og inkludering/mangfald.

Supplera med eit punkt 3.9 som omhandlar drikkevatn og anna vatn

Eige punkt på landbruk med henvisning til kommunen sin «handlingsplan for landbruk»

04 VISJON, SATSINGSOMRÅDE OG MÅL

- Omtale landbruk og sirkulærøkonomi særskilt under hovudmål 2 Næringsutvikling
- Hovudmål 4 Klimaomstilling: Sjå meir på formulering av delmål. Omdøypa overskrift til Klimaomstilling og klimautslepp

Supplera med eit hovudmål for oppvekst og integrering med utgangspunkt i dette forslaget: *Me skal leggja til rette for ein trygg og inkluderande oppvekst, med gode barnehagar og skular og ein aktiv friviljug sektor.*

05 AREALSTRATEGI

- Gå gjennom arealstrategien med sikte på ei betre kopling mellom dei andre kommunedelplanane og denne
- ~~Auka vegetasjonsbelte til større vassdrag til 30m~~
- Gi tydelegare signal i forhold til planvasken
- Trekke fram Svadberg og Viganeset som viktige industriområder for kommunen.

B

Kommunestyret får forelagt justert plan til endeleg godkjenning.

Endringar:

Endring til pkt 5.1:

For å sikra moglegheit for bustadbygging i grendene, skal me ha områder sett av til spreidd bustad- og næringsbygging

Nytt kulepunkt 7 i kapittel 5 AREALSTRATEGI under 5.1 Sosial berekraft på side 15:

- Me skal legge til retta for egna og attraktive område for bubilparkering og campinganlegg der det er tenleg og trong for

Punkt 3.7 Kultur og kulturarv

Nytt siste avsnitt: Dei fire kyrkjene, særleg Årdal gml. Kyrkje, men og dei andre kyrkjene, både i Hjelmeland, Årdal og Fister, er viktige deler av historia og kulturarven vår. Dei kan trekkjast meir aktivt inn i utstillingar, turistframstøyt og kulturtiltak elles.

Punkt 3.9 Friviljug innsats

Endring i tredje setning, første avsnitt: «Det gjeld særleg innafor kyrkje- og kulturlivet elles,...»

Samandrag

Kommuneplanen sin samfunndel har vore på høyring i perioden 24.3-16.4. Det er kome ei rekke merknadar til forslaget. Kommunedirektøren tilrår å justera forslag på ein del punkt, sjå forslag, som kommunestyret må ta stilling til. Så vert det i etterkant lagt opp til at administrasjonen gjer ein jobb med endeleg forslag til formuleringar før kommunestyret får det endelege, justerte planframlegget til godkjenning.

Partar i saka:

Ikkje relevant

Fakta

Kommuneplan for Hjelmeland, samfunnsdelen, vart vedteken lagt ut til høyring ved kommunestyret 20.2.25. Planframlegget har no vore ute på høyring i perioden 24.2-16.4 og det er kome inn rundt 16 uttalar i saka.

Det har vore gjennomført fire grendemøte i høyringsprosessen; Jøsneset, Jøsenfjorden, Hjelmeland og Årdal. Møtet på Hjelmeland vart i tillegg overført via nett.

Planforslaget som har vore ute på høyring finn du her: [Kommuneplanen samfunnsdel 2025-2037 Framlegg](#)

Tilbakemeldingane har vore varierte. Kommunen har fått god tilbakemelding for prosessen, med brei involvering. Samkøyringa av prosess i utarbeidings- og høyringsfasen med kommunedelplan byggeråstoff har vore effektiv. Samstundes har nok merksemda rundt kommunedelplan byggeråstoff teke noko merksemd frå denne planen.

Lovar, føresegner, rundskriv

Det vert her vist til plan og bygningsloven kap 11, særleg 11-2:

§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder §§ 11-12 til 11-15.

Økonomiske konsekvensar

Kommuneplanen er kommunen sitt øvste styringsdokument. Å vedta planen utløyser ikkje direkte kostnader, men gjennomføring av planen vil ha kostnader som vert nærare avklart i årsbudsjett og fireårig handlingsplan.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Det vert her vist til gjeldande kommuneplan samfunnsdel 2019-2031 vedteken i kommunestyret 2019.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Kapitel 5 i planen gir føringar for komande arealbruk. Dette er viktige moment i forhold til naturmangfald, klima og miljø.

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Forholdet til attraktivt og aldersvenleg samfunn er viktige moment som i nokon grad er belyst i planen

Vurdering av universell utforming

Statsforvaltaren ynskjer at FN-konvensjonen om rettar for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal omtalast særskilt. Sjå omtale av denne merknaden under.

Innkomne uttalar

Frå regionale/nasjonale styresmakter:

Rogaland fylkeskommune Uttale gitt av fylkesutvalet 8.4.25, sak 55/25

Fylkeskommunen ved fylkesutvalet gir god tilbakemelding. Vedtaket lyder slik: *Fylkesutvalet gir kommunen honnør for å ha utarbeidd ein samfunnsdel som på godt vis synleggjer kommunen sine prioriteringar for planperioden. Kommunen skal ha skryt for godt opplegg med medverknad frå befolkninga i arbeidet med planen. Fylkesutvalet viser til fylkesdirektørn sine faglege innspel i sakframlegget. I bakgrunn for sakframlegget har dei ulike fagavdelingane i fylkeskommunen gjort ei nærare vurdring.*

Her er desse avsnitta: Om plandokumenta, Medverknad, Arealstrategi, Tettstadsutvikling, integrering, kulturminne og kulturmiljø, klima, natur, vatn og konklusjon. Med omsyn til PLANDOKUMENTA, saknar fylkesdirektøren litt meir om bakgrunn for dei vala som er tekne i planen. Kvifor er nett desse måla valde, og kva vil dei betyr for kommunen i 12års-perspektiv. Dei saknar også bakgrunn for val av arealstrategi (kap 5).

MEDVERKNAD: Der er det berre godord, og det blir invitert til at kommunen i etterkant kan dela sine erfaringar rundt kva type medverknad som fungerer.

AREALSTRATEGI : Fylkesdirektøren nøgd med at kommunen har fange opp viktige statlege og regionale signal, og knytt dette til berekraftsmåla. Dei saknar litt meir kartbruk for å visualisera prinsippa. Fylkesdirektøren forventer at det faktum at kommunen aktivt vurderer å ta ut areal som i dag ligg inne i arealdelen, blir nedfelt som eige punkt i arealstrategien. Generelt tilrår dei at kommunen tek med klarare målsettingar i forhold til det komande arbeid med planvask. Det vil gjera den jobben enklare. Arealstrategien skal også byggja opp under det faktum at dette er kommunen sin klimaplan. Forslaget om å redusera kantsona langs større vassdrag til 25 m mot 50 i dag, bør ut.

TETTSTADSUTVIKLING: Fylkeskommunen framhever at Hjelmeland lenge har arbeidd med dette på ein god måte. "Eit aktivt kommunesenter bidrar til økonomisk vekst og konkurransekraft, auka livskvalitet og vil kunne motverka fråflytting og kunne bidra til tilflytting."

INTEGRERING: Her peikar fylkeskommunen på dei mulighetene som ligg i den høge andelen av innvandrarak som Hjelmeland har. Med dette bakteppet bør integreringsperspektivet får ein større plass i planen. Konkret nemner dei at dette perspektivet kunne vore omtalt under kap 2.3 (Folkehelsestatus), 3.8 (god oppvekst), 3.9 (Friviljug innsats), hovudmål 3 og i 5.1 (sosial berekraft).

KULTURMILJØ: Fylkesdirektøren understreker at Hjelmeland har ei lang og rik historie med godt bevarte kulturminne frå mange periodar. Og at dette bør brukast som ein ressurs inn i berekraftig samfunnsutvikling. Konkret vert det oppmoda til ei ROS-vurdering av viktige kulturminne og kulturmiljø.

KLIMA: Her meiner fylkesdirektøren at delmåla under målet om redusert klimautslepp må konkretiserast meir. Dette gjeld også forholdet til klimaomstilling. Punktet om klima bør i større grad gjelda kommunen som lokalsamfunn, ikkje berre eigen organisasjon. Konkret vert det nemnd sjøfart og landbruk, og at kommunen bør jobba med fornybar-satsingar i planperioden.

NATUR: Kommunen får god tilbakemelding mellom anna ved at det er speisfisert at grensa for utbygging går i skoggrensa.

VATN: Her er det for lite fokus på mål for vatn i samfunnsplanen, og det er heller ikkje lagt tilstrekkjelege arealstrategiar for å sikra vassmiljø. Dei minnar om at regional vannforvaltningsplan for Rogaland inneheld retningslinjer og forventingar til kommunen sitt planarbeid.

I KONKLUSJONEN heiter det at samfunnsdelen til Hjelmeland kommune er eit solid dokument som vil danna godt grunnlag for kommunen sine prioriteringar. Men det vert oppmoda til ein enda tydelegare arealstrategi, som og legg føringar for ein arealbruk som er tilpassa nye føringar frå statleg og regionalt hald.

Kommentar frå kommunedirektøren til merknad frå fylkeskommunen

Det er hyggeleg med så god tilbakemelding frå fylkeskommunen til planforslaget, særleg i forhold til medverknad. I samband med planvask er det ein klar intensjon frå kommunen si side å “vaska” gjeldande kommuneplan- arealdel i tillegg til eldre reguleringsplanar. Kommunedirektøren vil også gi god tilbakemelding til fylkeskommunen for samarbeidet rundt tettstadsutvikling. Integrering og inkludering er veldig viktig, og ein vil sjå på korleis desse kan koma sterkare til uttrykk i planen. Med omsyn til hovudmålet om klima og delmåla under det, kan ein vera samd i at dette kan bli betre og meir handlingsretta og i større grad også omfatta klimaomstilling. Med omsyn til vatn, så har jo Mattilsynet også peika på kor viktig vassresursene er for kommunen. Ein er samd i at dette bør få ei betre forankring i planen. Fleire av innspela kommunen har fått går på arealstrategien, og ein vil sjå noko nærare på om den kan bli tydelgare.

Statsforvaltaren i Rogaland

Gir også skryt for medverknad, og for samordning av arbeidet med dei to andre kommunedelplanane. “Dette dannar eit solid grunnlag for utarbeiding av arealdelen av kommuneplanen” heiter det. Uttalen har elles desse avsnitta: Arealforvaltning, Klima, Samfunnstryggleik og beredskap, Klimatilpassing, landbruk, Folkehelse, utdanning, Interkommunalt samarbeid, FN-konvensjonen om rettar for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) og kommuneøkonomi.

AREALFORVALTNING: Her vert det påpeika at det i arealstrategien ikkje kjem tydeleg nok fram korleis kommunen vil jobba med planvask. I kommunen sin strategi er berre reguleringsplanar nemnde, ikkje sjølve kommuneplanen. Statsforvaltar tykkjer også at det ikkje er tydelege nok kriterier om kva som skal til for å tilbakeføra areal til LNF-føremål. Planvask må også sjåast opp mot kommunen sin strategi når det gjeld miljømessig berekraft. Det er positivt at det skal gjerast ei gjennomgang av bustadreserven. Det vert etterlyst eit arealrekneskap.

KLIMA og KLIMATILPASSING: Dei er kritiske til dei delmåla som kommunen har sett opp. “Desse delmåla eller tiltaka vil ikkje vera i nærleiken av nok til å oppnå oppgitte overordna målsettingar om å leggja til rette for utsleppskutt i tråd med klimaavtalen”, heiter det. Kommunen får ros for å ta plastutfordringa på alvor, men pelkar på at det er eit miljøtiltak, ikkje klimatiltak.

SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP: Statsforvaltar etterlyser ei tydeleggjering av korleis Hjelmeland sin "Kommune-ROS" skal leggjast til grunn for vidare arealpolitikk. Kva risiko skal takast i vare, og kva slag strategiar har kommunen for dette?

LANDBRUK: Det bli også etterspurt kva plass landbruk har i planen. Det vert sakna eit eige avsnitt om dette, og ei kopling til kommunen sin handlingsplan for landbruk. Landbruket er viktig for Hjelmeland, i dokumentet er det sagt for lite om utfordringar og muligheter. Statsforvaltaren minnar om at det er sett av statlege midlar til å laga ein kommunal jordvernstrategi.

FOLKEHELSE: Statsforvaltaren er nøgd med kommunen si tydeleggjering av demografisk utfordringar knytt til alder. Det vert etterspurt meir satsing på dei andre folkehelseutfordringane som er psykisk helse hjå born og unge, utdanning og arbeid, samt livsstil og helse.

UTDANNING :Statsforvaltar rår til at hovudmålsettingane for oppvekssektoren skal vera ein del av kommuneplanen. Statsforvaltaren er - som fylkesdirektørem - også oppteken av at kommunen ikkje har ein eigen integreringsplan. Dette sett i lys av den store andelen innvandrarakar.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID: Bør få ein viss plass i samfunnsplanen, gjerne under kap 3.2 Økonomi eller 4.2 MÅL Hovudmål 1. Så har statsforvaltar forventning om at FNkonvensjonen om rettar for menneske med nedsett funksjonsven (CRPD) vert særskilt nemnd, td under punkt 3.8 oppvekst og hovudmål 3.

KOMMUNEØKONOMI: Statsforvaltar ønskjer at kommunen set eit eige mål for å sikra ei berekraftig økonomisk utvikling.

Kommentar frå kommunedirektøren til merknad frå Statsforvaltar

Ein registrerer at det er ein del overlappande synspunkt med fylkeskommunen. I samband med komande planvask er det sjølv sagt meininga at også gjeldande arealdel til kommuneplanen skal "vaskast". Og ein vil sjå nærare på formuleringane i arealstrategien.

Kommunedirektøren er samd i at å gå ned frå 50 til 25 m sone langs vassdrag ikkje er med på å styrka den miljømessige berekrafta. Ein er samd i at landbruk er sers viktig for Hjelmeland, og vil sjå nærare på om dette bør forankast enda tydelegare i planen.

Statsforvaltaren vil at mål for oppvekstsektoren bør vera blant hovudmåla i kommuneplanen. Det kan vera ein god ide særleg no i ein fase der oppvekstsektoren er meir i støypeskeia. Når det gjeld inkludering og integrering så er ein samd i at det kan kome tydelegare fram i planen.

Kommuneøkonomien er greit omtalt i kap 3.2, og ein ser ikkje grunn for å konkretisera dette meir.

NVE

Viser til dei nasjonale forventingane som går på at kommunane skal leggja til rette for fornybar kraft, og ein skal tenkja korleis ein kan nytte overskotsvarme frå verksemder, og at ein skal tenkja energiøkonomisering i bygg. ved planvasken vert det oppmoda å sjå på risikofaktorar som ikkje er blitt godt nok vurderte ved tidlegare planar.

Kommentar frå kommunedirektøren til NVE

Hjelmeland kommune har allereie, gjennom utbygging av vasskraft, satsa tungt på fornybar kraft Ein kan her nemna Ulla Førre og Lyse. I tillegg er det bygd ei rekke små, mini og mikrokraftverk. Når det gjeld å sjå på risikofaktorar knytt til eeldre planar, ser ein det som sjølv sagt.

KOMmenteN NVE rår kommunen til å vurdere korleis kommunalt planarbeid kan legge til rette for:

•Ny fornybar kraftproduksjon •Samlokalisering av verksemder med overskotsvarme med aktivitet som har behov for varme •Effektiv energibruk i bygningar og andre sektoreVE rår kommunen til å vurdere korleis kommunalt planarbeid kan legge til rette for: •Ny fornybar kraftproduksjon

•Samlokalisering av vesemder med orskotsvarme med aktivitet som har behov for varme •Effektiv energibruk i bygninger og andre sektore

Statens vegvesen

Etterlyser korleis ein i arealstrategien legg opp til at mjuke trafikantar skal takast vare på. Kommunen får elles i hovudsak gode tilbakemeldingar for plan og strategi.

Kommentar frå kommunedirektøren til merknad frå SVV

Det er ei kontinuerleg utfordring å få lagt til rette for mjuke trafikantar. Ein vil sjå nærare på om det bør gjerast justeringar i arealstrategien fo å oppnå dette.

Direktoratet for mineralforvaltning

Saknar omtale av kommunen sitt eige behov for byggeråstoff, og ei betre kopling mot kommunedelplan byggeråstoff.

Kommentar frå kommunedirektøren til merknad frå DFM

Kommunen sitt eige behov for byggeråstoff er forsvinnande lite i forhold til kommunen som eksportør av byggeråstoff. Ein vi sjå gjennom arealstrategien for å sjå om det let seg gjera å få til ei betre kopling enn foreslått. Men generelt opplever kommunen at det er veldig lite hjelp å få frå DFM til desse store komplekse sakene som gjeld uttak.

Mattilsynet

er særleg oppteken av vårt viktigaste næringsmiddel, som er reint drikkevatn. I tillegg er dei opptekne av planter, fiskevelferd og dyrevelferd. Å ta grep for å hindra at skadegjerande planter sprer seg, er meir viktig enn nokonsinne. At ein tenkjer gjennom korleis ein skal sikra reint drikkevatn til alle, også i beredskapssamanheng, er den andre hovudpilaren. mattilsynet ber kommuenn baka dette sterkare in i arealstrategien. Avslutningsvi er dei opptekne av vassressursane som er knytt til område for mulig masseuttak. Her må kommunen vera observante.

Kommentar frå kommunedirektøren til merknad frå Mattilsynet

Reint og nok vatn til alle tide og i alle situasjonar er eit utruleg viktiig tema. Det vert for tida arbeid med ny hovudplan for vatn og avløp, men vassforsyning handlar om meir enn det kommunale vatnet. Fylkeskommunen lyfta også fram temaet vatn i sitt innspel, og ein vil sjå på kkorleis dette kan koma meir fram i det endeleg plandokumentet.

Kystverket

Er oppteken av at det ikkje vert planlagt for aktivitetar som kan hindra framkomelegheit på sjø. Dette må det takast omsyn til inn i kommuneplanen sin arealdel.

Kommentar frå kommunedriektøren til merknad frå Kystverket

Dette handlar i hovudsak om kommuneplanen sin arealdel, men ein vil sjå på om det i arealstrategien bør koma meir tydelig fram omsynet til trafikk på sjø.

Foreningar/lag/utval:

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

Har konkrete forslag til tillegg i kapitel 3. Det går m.a. på kap 3.7 om kultur og kulturarv.

Kommentar frå kommunedirektøren til merknad frå fellesrådet

Det er positivt at fellesrådet engasjerer seg i planprosessen. På bakgrunn av innspelet vil ein sjå nærare på visse justeringar i kap 3.

Fortidsminneforeningen

Har også synspunkt på kap 3.7 om kultur og kulturarv. Dei ynskjer at ein skal nemna husmannsplassen Haugen, det originale bedehuset å Randa, bygdemueseet, og det å byggja opp ei jærstolsamling, og at ei satsing må vera reell. Dei peikar på at kommunen si satsing på vinterlys m.a. på Spinneripipa er uheldig. Lys skal koma innanfrå, ikkje utanfrå.

Kommentar frå kommunedirektøren til uttale frå Fortidsminneforeningen

Det er positivt at fortidsminneforeningen engasjerer seg i planprosessen. Når det gjeld dei konkrete kulturarvelementa som er nemnde, er det gjerne litt detaljert til å inngå i kommuneplanen sin samfunnsdel. Når plan for kulturarv skal reviderast med det fyrste, vil det vera meir aktuelt å sjå nærare på det.

Hjelmeland bygdaråd:

Ber om at opprusting av leikeplassen ved Spar vert prioritert. I tillegg etterspør dei gangsti rundt Steinslandsvatnet og gangsti mellom hotellbygget og Sande. Dei seier at det er viktig å ha omsorgssenteret på Hjelmeland.

Kommentar frå kommunedirektøren til uttale frå Hjelmeland bygdaråd

Ein merker seg synapunkta til bygdarådet vedr. tiltak i Hjelmeland sentrum. Gangstiane kjem ein attende til ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Pr i dag er dei dein del av gjeldande plan. Når det gjeld lokalisering av omsorgssenter, viser ein til den konkrete saka om det.

Vormedalen grendeutval:

Argumenterer konkret for at eit felles omsorgssenter må liggja på Hjelmeland.

Kommentar frå kommunedirektøren til uttale frå Vormedalen bygdaråd

Ein viser her til den konkrete saka som gjeld lokalsiering av eit felles omsorgssenter.

Næringsliv:

Årdal Aqua

Årdal Aqua in uttale er konsentrert rundt tre strekpunkt: En tydelig strategi for næringsutvikling, utfordringer i forhold til areal/kraft, og til slutt jordvernet med avveining mellom bruk og vern. Dei viser til innspelet dei kom med i oppstartsfasen til planen. Konkret ber dei om at det vert satsa på ei utviding og oppgradering av industriområda på Mælsøyrane og Vlganeset

.

Kommentar frå kommunedirektøren til uttale frå Årdal Aqua

Årdal Aqua har i hovudsak synspunkt på arealstrategien. Synspunkta er for såvidt kjente frå tidlegare innspel, og det er eit stykke på veg teke høgde for dette i arealstrategien. Kva konkrete endringar ein skulle foreslått, er noko uklart.

Rådgevar reiseliv (notat)

har utarbeidd eit notat rundt kommunen si satsing på reiseliv. Ho arbeider med ein reiselivsstrategi, og reiseliv er jo nemnt med særleg prioritet i samfunnsdelen si målformuleirng i forhold til næringsliv. Ho skriv mellom anna at "for å skapa ei ønska reiselivsutvikling vil det vera vesentleg å

byggja reiselivssatsinga på heilskapleg og langsiktig perspektiv, kor resielivsperspektivet naturleg inkluderast som ein del av beslutningsgrunnlaget til ulike lokale vegval.....

Det offentlege bør også ta ei aktiv rolle og definera ein bevisst strategi for omdømebygging og merkevareutvikling av Hjelmeland som attraktiv reiselivsdestinasjon.”Ho peikar også på at det kan vera interessekonfliktar knytt til ei satsing på reiseliv. Det har me sett døme på dei seinare åra med konflikter mellom hytter og anna næring som fiskeoppdrett eller mulige pukkverk. Forholdet mellom hus og hytter er også ei problemstilling. Ho reiser spørsmål om innføring av buplikt nokon stader kan sikra buattraktivitet. Avslutningsvis oppmoder ho om å sjå nærare på om visjonen “Hjelmeland Naturlegvis” fungerer som ein visjon og ikkje berre eit slagord. Bør me ha ein meir tydeleg visjon?

Kommentar frå kommunedirektøren om reiseliv:

Det har vore ein del av bestillinga i planprogrammet at dei gjeldande målsettingane/satsingsområde med reisleiv på topp, skal vidareførast. Dette går fram av delmål 4: “Me vil ha næringsutvikling med basis i eksisterande næringar, og der reiseliv er særskilt vektlagt”. Innspelet frå reiselivsansvarøeg er relevant, og ei påminning om at viss ein faktisk meiner at reiseliv skal så i ei særstilling, så må det forplikta. Kommunen har dei seinare åra opplevd eit høgare konfliktnivå mellom ulike næringar. Døme her er fiskeoppdrett i Garsundet og Flsterfjorden, og mulig pukkverk i Knutsvikheia. Og korleis er det med reiseliv og overnatting etter at hotellet på Hjelmeland ga seg som hotell? Skal ein ta bort den spesifikke satsinga på reiseliv? Eller bør den konkrete satsinga tydeleggjerast meir? Dette er viktige spørsmål å stilla seg. Det er ein stor trafikkmengde som passerer gjennom kommunen dagleg. Kva kan gjerast for å få fleire av dei til å stoppa her? Og korleis kan ein få eit betre samspel og vera enda meir attraktiv for dei som vel å ha fritidsbustad i kommunen? Ein er likevekl usikker på kor mykje av dette som direkte skal nedfellast i kommuneplanf\dokumentet i forhold til i ein seinare reiselivsstrategi.

Andre:

Nils Viga Hausken

har kome med ein merknad knytt til det han meiner er lysforurensing i strid med kommunen sine eigen mål om klima, natur mv.

Kommentar frå kommunedirektøren til merknad frå Nils Viga Hausken

Når det gjeld vinterlys har kommunedirektøren eit noko anna syn enn Hausken. Med lite snø og lang mørketid er “lysfesten” nokre veker i mørketida for dei fleste eit positivt element som gir auka bulyst her i distrikts-Noreg. Ved bruk av ledlys er energiforbruket lite. Omfang og varighet er likevel element ein kan sjå på.

Eldfinn Austigard

har ein merknad som omhandlar satsing på skule. Han peiker på kor viktige det er for bygdene å halda på skulane i Årdal og på Flster

Kommentar frå kommunedirektøren til merknad frå Eldfinn Austigard

Ein viser her i hovudsak til dei avvegingane som er gjort i eiga sak om organisering av oppvekssektoren. Synkande barnetal kombinert med ein aukande andel eldre, gjer at kommunen må gjera prioriteringar i tenestetilbodet.

Spesifikt om byggeråstoff:

Kleiva Vel V/Ragnvald Riis mfl

Dette er, er etter det ein forstår ein velforening bestående av ein del hytteeigarar langs Økstrafjorden mellom Landses og Jelsa i Suldal kommune. Dei set muligheten for pukkverk i Knutsvikheia opp mot dei andre måla og verdiane som vert fremja i forslaget til

kommuneplan/samfunnsdel. Dei etterlyser samfunnsgevinst i forhold til ei heilskapsvurdering. Dei etterlyser føreseielegheit for fastbuande og hytteieegarar. Dei ber konkret om at Knutsvikheia ikkje vert med i ein framtidig arealdel til kommuneplanen.

Kommentar frå kommunedirektøren til uttale frå Kleiva Vel

Uttalen er knytt opp mot målsettingane i forslaget til samfunnsplan. Ein er samd i at dette er planar som skal og bør henga i hop. Samstundes vli ein peika på at det er ved revisjon av planar ein skal vurdera mulige nye tiltak. Ulike omsyn skal vegast mot kvarandre. Det vonar ein at ein får til gjennom den arealstrategien som er foreslått.

Arild Fosså/Arild Fosså på vegne av fleire:

Dette er i hovudsak ei signaturliste som viser til alle dei innspela som er komne frå hytteigarar på Jøsneset tidlegare i prosessen. Omtalar i hovudsak forholdet til mulig pukkverk i Knutsvikheia, og er negativ til det.

Vurdering og konklusjon

Me er som kjent komne til 2.gongs behandling av kommuneplanen sin samfunnsdel, og då må ein ta stilling til kva endringar som eventuelt skal gjerast i høyringsframlegget frå 20.2.25. Det er naturleg at det blir endringar, slik at noko av det høyringspartane har kome med i saka, vert innarbeidd. Dette kan skje direkte, ved at ein endrar formuleringar direkte ved endeleg vedtak. Det kan også skje i ein to-gong der kommunedirektøren for ei bestilling på det som skal endrast, og der kommunestyret i etterkant eventuelt kan godkjenna endeleg dokument med justerte formuleringar. I og med ein no har høve til ei to-gongs behandlning før sommarferien, vil kommunedirektøren leggja opp til det siste. Forslag til endringar, kapittel for kapittel:

01 SAMANDRAG

Vert supplert med prosessen vidare etter høyring

.

02 INNLEIING

2.2 Utviklingstrekk, prosess/medverknad:

Vert forsøkt korta litt inn

2.3 Folkehelsestatus

Skriva noko meir om inkludering og integrering og nemna CRDP, jfr uttale frå Statsforvaltar

03 RAMER FOR PLANEN

Generelt gå gjennom tekststen for om mulig korta litt ned (det er tema som er nemnde fleire gonger).

3.7 Omformulera litt og få med litt vedr. særleg verdifull lokal kulturarv (jfr uttale frå Fellestrådet og fortidsminneforeningen)

3.8 kommentera noko meir dette med integrering og inkludering av mangfald, jfr uttale frå

Statsforvaltar og fylkeskommune

Supplera med eit punkt 3.9 som omhandlar drikkevatn og anna vatn, jfr uttale frå fylkeskommunen og Mattilsynet

04 VISJON, SATSINGSOMRÅDE OG MÅL

- Omtale landbruk og sikrulerøkonomi særskilt under hovudmål 2 Næringsutvikling, jfr uttale frå Statsforvaltar
- Hovudmål 4 Klimaomstilling: Sjå meir på formulering av delmål. Omdøypa overskrift til Klimaomstilling og klimautslepp, jfr uttale frå Statsforvaltar og fylkeskommune

- Supplera med eit hovudmål for oppvekst og integrering, jfr uttale frå Statsforvaltar og fylkeskommune, med utgangspunkt i denne formuleringa: *Me skal leggja til rette for ein trygg og inkluderande oppvekst, med gode skular og barnehagar og ein aktiv frivillig sektor.*

•

05 AREALSTRATEGI, jfr fleire høyringssvar

- Gå gjennom arealstrategien med sikte på ei betre kopling mellom dei andre kommunedelplanane og denne
- Auka vegetasjonssone rundt vassdrag frå 25 til 30 m (50 i dag), jfr uttale frå Statsforvaltar og fylkeskommune
- Gi tydlegare signal i forhold til planvasken

Viss kommunestyret sluttar seg til å innarbeida justeringane i planen på punkta over, vert det lagt opp til eit administrativt arbeid med desse justeringane i etterkant. Til slutt vil ein leggja ferdig justert plan fram for kommunestyret til endeleg godkjenning. Tanken er at dette er mindre endringar, og at justert plan kan leggjast direkte fram for kommunestyret fortrinnsvis i junimøtet.

Viss kommunestyret vil ha meir omfattande endringar, må det tydeleggjerast kva endringar ein vil ha. Og så må det vurderast om det er aktuelt med ei ny høyring før planen kan vedtas. På bakgrunn av dei høyringsuttalane som er komne, som i hovudtrekke er positive til forslaget, ser ikkje kommunedirektøren pr idag at det skulle vera nødvendig.